



NVE

KINN KOMMUNE

Postboks 294

6701 MÅLØY

Vår dato: 24.11.2025

Vår ref.: 202403330-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gjev forlengd byggjefrist til Sagaelva kraftverk i Kinn kommune, Vestland fylke

Vi syner til søknad av 07.02.2024. NVE har vurdert om det er grunnlag for å gi forlengd byggjefrist. Fyrst i brevet finn du vedtaket vårt og merknader til konsesjonsvilkåra. Deretter kan du lese grunngjevinga vår.

NVE sitt vedtak

NVE forlengjer byggjefristen for Sagaelva kraftverk med inntil fem år, til 01.04.2029. Vedtaket er gjort i medhald av vassressurslova §§ 27 og 19 anna ledd, og dessutan vassdragsreguleringslova § 15.

NVE kan ikkje sjå at det er nye eller endra tilhøve som tilseier at søknaden om forlengd byggjefrist for Sagaelva kraftverk bør avslåast.

For å ta omsyn til hubro, set NVE vilkår om at støyande anleggsarbeid eller sprenging ikkje blir utført i perioden 01.01-01.07 langs dei nedste 400 metrane av vassdraget. Tiltakshavar skal kontakte Statsforvaltaren i Vestland for å avklare korleis omsynet til hubro skal gjennomførast.

Dei andre vilkåra er dei same som i løyvet av 01.04.2019.

Forholdet til energilova

NVE er kjend med at det har vore dialog mellom Kinn kommune og områdekonsesjonær, Linja AS. Vi minner om at avtale med områdekonsesjonær må vere på plass og dokumenterast for NVE før detaljplanen godkjennast og bygging kan byrje.

Eventuelt må de søkje om ny anleggskonsesjon for bygging og drift av det elektriske anlegget i god tid før byggjestart.

Moglegheit til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Om søknaden

NVE gav konsesjon til Sagaelva kraftverk i vedtak den 01.04.2019.

Det går fram av vassressurslova § 19 andre ledd, og dessutan vassdragsreguleringslova § 15 at det konsesjonsgitte tiltaket må setjast i gang innan fem år frå konsesjonen vart gjeven. NVE kan forlengje fristen ein gong med inntil fem nye år.

NVE har motteke følgjande søknad frå Kinn kommune:

Viser til vassdragskonsesjon datert 01.04.2019 der det vart gitt konsesjon til bygging av Sagaelva kraftverk. Konsesjonen gjeld i fem år frå konsesjonsdato, dvs. til 01.04.2024 og arbeidet må fullførast innan 5 år etter den dato.

Arbeidet med kraftverket er ikkje igangsett enno. Detaljprosjektering er under arbeidet og det er rekna med at konkurransegrunnlag vert sendt ut våren 2024. I tillegg til kraftverksprosjektet, vil konkurransegrunnlaget inkludere nytt vassforsyninganlegg. Det er planlagt anleggstart i 2024 og med fullføring i løpet av 2025.

Kinn kommune har nyleg hatt politisk handsaming av prosjektet med fokus på utbyggingsmodell, dvs. finansiering, eigarskap, men har ikkje konkludert enno. Dette arbeidet pågår parallelt med prosjektering og tilbodsinnhenting.

Av omsyn til m.a. politisk handsaming og budsjettarbeid/finansiering så er ikkje arbeidet igangsett innan fristen 01.04.2024.

Kinn kommune søker med dette om forlenging av konsesjonsfrist med inntil 5 nye år.

Søknad om forlenga byggjefrist vart sendt NVE før opphavleg frist gjekk ut.

Høyring

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det er behov for kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om forlengd byggjefrist har vore sende til Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for uttale. NVE har fått følgjande merknader til søknaden om forlengd byggjefrist:

Statsforvaltaren i Vestland uttalar følgjande i brev til NVE den 05.09.2025:

Miljørappporten som låg til grunn for konsesjonen var basert på feltkartlegging i mai 2014. Det blei ikkje påvist raudlisteartar eller viktige naturtypelokalitetar, og konsekvensen av ei eventuell utbygging blei vurdert som liten negativ.

Det er elleve år sidan kartlegginga, og det har kome nye metodikkrav for naturkartlegging. Ideelt sett burde derfor konsekvensane for naturmiljøet bli kartlagt/vurdert på nytt etter gjeldande rettleiar. Med bakgrunn i at tilgrensande område blei kartlagde i 2023 i samband med frivillig skogvern, ser vi likevel ikkje behov for ei ny kartlegging i dette tilfellet. Resultatet av skogkartlegginga tilseier heller ikkje ei endra vurdering av saka frå vår side.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Vi minner om at det kom fram i konsesjonsprosessen at utbygginga kunne kome i konflikt med hubro, som er påvist i nærområdet. Ut frå kunnskapsgrunnlaget den gongen fant NVE likevel ikkje grunnlag for å leggje føringar i konsesjonen om eventuelle restriksjonar i anleggsperioden.

Vår vurdering i dag er at støyande aktivitet som sprenging kan kome i konflikt med aktuell hekkeplass. Det kan derfor bli nødvendig å sette vilkår om å unngå støyande aktivitet i hekketida, dersom det blir gitt utsett byggjefrist for Sageelva kraftverk.

Vi ber om å få detaljplanen på høyring. Vi vil då kunne bidra med oppdatert kunnskap om hubroen i området som grunnlag for meir spesifiserte føringar.

NVE si vurdering

Når NVE vurderer om vi skal gi forlengd byggjefrist, legg vi berre vekt på tilhøve som er nye eller endra etter vi gav konsesjon. Vi gjer ikkje ei samla vurdering av fordelar og ulemper ved tiltaket, slik vi gjer ved behandling av nye søknader. Om ny informasjon viser at forholda er vesentleg endra, kan NVE setje nye vilkår som kan mildne ulempene. Vi kan også avslå søknaden om forlengd byggjefrist. Det er høg terskel for å ikkje gi forlengd byggjefrist. Det følgjer av både etablert praksis og forarbeida til vassressurslova og den reviderte vassdragsreguleringslova.

Statsforvaltaren skriv i sitt høyringsfråsegn at det i utgangspunktet burde vore gjennomført ny kartlegging av naturmangfald, då den førre kartlegginga vart gjennomført i mai 2014. Dei meiner likevel at det ikkje er behov for ny kartlegging, då tilgrensande område vart kartlagde i 2023 i samband med utgreiing av potensielle område for frivillig skogvern, og at resultata av kartlegginga ikkje tilseier ei endra vurdering av saka. NVE har også vurdert resultata frå denne kartlegginga i Naturbase, òg har gjort søk i Artskart. Vi kan ikkje sjå at det er registrert nye raudlisteartar i tiltaksområdet etter førre kartlegging i 2014. NVE har rådført seg med NTNU Vitenskapsmuseet om potensialet for raudlistearten nipdraugmose (sterkt truga - EN) i tiltaksområdet. Nipdraugmose er ein sterkt trua art, som fram til 2014 berre har vore kjend i Noreg ved typelokaliteten Endestanipa på grensa mellom Kinn og Gloppen kommunar. I 2014 blei det funne ein ny lokalitet med nipdraugmose i Bremanger, om lag 30 km nordaust for tiltaksområdet. Nipdraugmose er altså ein svært sjeldan og truga art, som har sitt kjerneområde nær tiltaket. NVE meiner at det er eit avgrensa potensial for arten grunna tiltaksområdet si sørvendte eksponering. Vi vektlegg derfor ikkje nipdraugmose i vurderinga av om vi skal gi forlenga byggjefrist. På grunnlag av kartlegginga i 2014, ny kartlegging i forbindelse med frivillig skogvern i 2023, og innkomne fråsegn, meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget i saka er tilstrekkeleg til å fatte vedtak, jf. naturmangfaldlova § 8.

Statsforvaltaren minner også om at ei utbygging potensielt kan kome i konflikt med hubro (sterkt truga - EN). NVE har vore i dialog med Statsforvaltaren, og mottatt informasjon om at det er gjort registreringar av hubro i nærleiken av tiltaket av nyare tid enn dei som låg til grunn ved førre behandling av saka. Det er usikkert om det har vore hekking, men det er registrert hubrorop i nærleiken av aktuell hekkeplass dei siste par åra. Statsforvaltaren har presisert at det bør setjast vilkår om at det ikkje skal gjennomførast støyande anleggsarbeid eller sprenging i perioden 1. januar til 1. juli på ein strekning frå utløpet til fjorden og om lag 400 m opp i vassdraget. NVE er samde med Statsforvaltaren om at det bør takast omsyn i anleggsfasen, for å unngå forstyrringar i hekkeperioden for hubro.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE registrerer at det i biomangfaldrapporten frå 2014 var anbefalt utsett av predatorsikre hekkekasser for fossefall på minst to eigna stader i elva. Vi finn i Artskart at fossefall er registrert i Storelva, som ligg om lag 600 m øst for Sagaelva, og er utbygd til vasskraftproduksjon i 2017. Vi meiner derfor at det kan vere potensial for fossefall også i Sagaelva. Statsforvaltaren vil gjennom naturforvaltningsvilkåret ha heimel til å kunne pålegge utplassering av predatorsikre hekkekassar langs vassdraget dersom dette viser seg naudsynt.

NVE si oppsummering

NVE kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknad om forlenga byggjefrist bør bli avslått. Vi gjev dermed forlenga byggjefrist i fem år, men legg til eit vilkår om å unngå støyande anleggsarbeid og sprenging i hekketida for hubro i den nedste delen av vassdraget. Dei andre vilkåra er dei same som ved løyve av 01.04.2019. Ny byggjefrist er 01.04.2029.

Med helsing

Ylva Bencze Rørå

fagleiar

Bendik Kjefferud Erdal

rådgjevar

Mottakarliste:

KINN KOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.